

Jondal kommune
v/Sigrid Brattabø Handegard
5627 Jondal

Norheimsund, 18.02.2016

Dykkar ref:

Prosjekt: 2434 Jondal kommune - Kaibbygg

Vår ref: 2434-2

PROSJEKT: JONDAL KOMMUNE - KAIBYGG

Vedlagt forprosjekt for overnemnde bygg, Sit.plan 1:500/Planar, snitt fasadar 1:50

BAKGRUNN

Geoplan AS v/siv.ark. MNAL Alv Martin Vangdal er kontakta av Jondal kommune vedr. prosjektering av kaibbygg på Jondal fergekai. Romprogram/reg.plan tillet 40-50 m2 bygg. Tradisjonelt romprogram er 2 toalett, det eine HC-tilpassa og med stellebord, samt venterom. I tillegg ønskjer Jondal kommune at dei kan drivast former for kaffibar/pub/minibakeri i lokalet.

Kartgrunnlag er komm. kart (Fonnakart), Statens vegvesen Fv550 Jondal fergekai "Planoversikt B002" og skisse landskapsplan for Jondal kommune av Smedsvig landskapsarkitekter AS.

Oppdraget er orientert om/drøfta med Sigrid Brattabø Handegard, Jondal kommune og siv.ark. Kari Øvsthus, Hordaland fylkeskommune.

OMGJEVNADER. SIT.PLAN

Viktigaste funksjon for bygget er service for reisande, dei fleste av desse kjem der via den nye oppstillingsplassen. Det er og planlagt lokalbusstopp langs fortauet mot denne plassen og torg sør for bygget. Det er litt avvikande retningar mot nord (eigedomsgrense) og vest (trekai mot fjorden). Ferjekaien mot sør er 45° på hovudretningen.

ORGANISERING.

Byggtomta har lengderetning aust-vest. Dei ulike funksjonane knytt til bygget er plassert i høve til omgjevnader. Busstopp er på austgavl mot oppstillingsplassen, toalett har inngang frå nord og venterom/mogeleg servicedel har inngang frå torget i sør. Vestfasaden har utsikt mot fjorden og fergetrafikken.

FORM.

Byggorienteringa og plasseringa legg opp til "sjøhusstil". For å ta opp ulike retningar og kunna halda smal hovudvolum er bygget delt i to saltaksformer, eit "toalettbygg" og eit "venterom/servicebygg". Tradisjonelt er sjøhusa nøkterne bygg, det meste er innkledd, berre naudsynt utbygg over vinden. For å nytolka denne forma og gje plass til ventefunksjonane både mot buss og ferje, har ein valt å hola ut av hovudforma. Busstopp er trekt inn i gavl mot oppstillingsplass, toalettdører er trekt inn i nordvegg, glasfasade m/inngang til venterom/ servicedel er trekt inn i sørfasade, og mot sjøen er venteplasser trekt inn i gavl. Ved å dra fram møte mot sjø "som ein moderne vind" forsterkan ein overdekkinga. For å sikra uttrykket av utorholing, er sidevegger, kister og underkledning under gavlutstikk skrådd 45°.



UTTRYKK. MATERIALBRUK.

Ein legg vekt på eit enkelt stramt uttrykk der variasjonen i form dominerer.

Golv er vist som plate på mark (m/isolerte ringmurselement). Veggkonstruksjon er vist som tradisjonell bindingsverksvegg i tre, men det kan og tilpassast massivtreelement.

Takkonstruksjon er sperretak i tre.

Ytterveggen er tenkt kledd med trepanel, det kan vera ein enkel dobbelfalsa vertikalpanel som blir bruka vertikalt også i alle skråflater. Alternativt kan det nyttast ufalsa liggjane panel, då må den nyttast slik horisontalt i alle skråflater og.

Utvendig materialbruk på tak, er førebels ope. Det er vist med trekledning på hovudtaket, men det kan og nyttast skifer, helst lokal skifer (skorne kantar og lagt i horisontale rekkjer).

Innvendig er golv anten betong (industrigolv) eller lagt med skifer. Toalettavd. er kledd med laminatplater. Ventrerom/servicedel er innv. kledd med kvitmåla slett trepanel.

UTSTYR.

Det er lagt til grunn DANFO utstyr med service/etterfylling frå servicerom. Dører i toalettdelen er med stålkarm med integrert gerikt, laminerte dørblad m/vindauga Ø=400 matt og rustfrie grep/merkingar. Motorstyring på HC-toalettdør.

Glasvegger i opphaldsrom er standard metallfasade m/integrerte dører i systemet. Naudsynt opnings/trekraft avgjer om det må motorstyring til

AREAL.

Bruttoareal (BTA) er 56,6 m², nettoareal (NTA) er 49,2 m².

KOSTNADER.

Kostnadsoppsett datert 11.02.16 er basert på denne løysinga.

TAVLE NASJONALE TURISTVEGAR.

Det er ikkje funne ein god plass for tavla som står på ferjekaien i dag. Veggene på huset blir for små.

Foreslår anten at den vert sett mot nabo i nord. Burde stå der fortauet svingar, men det kan sjå ut som om der er port inn på eigedommen der. Alternativt kan den setjast opp mot betongstøtta ved ferjelemmen.

Med helsing
Geoplan AS



Arve Martin Vangdal
Sivilarkitekt MNAL/dagleg leiar